

## Informasjon til føresette og elevar om Ungdata-undersøkinga

I år blir Ungdata-undersøkinga gjennomført på skulen til barnet ditt. Alle elevar på skulen og i kommunen er inviterte til å delta i undersøkinga. Undersøkinga blir gjennomført på skulen i løpet av vårhalvåret. Målet er å få ei oversikt over korleis barn og unge har det, og kva dei driv med i fritida.

### Føremålet med undersøkinga

- er å gje barn og unge ei moglegheit til å fortelje lokale politikarar og styresmakter om korleis det er å vekse opp i kommunen
- er å gje kunnskap som kan brukast i kommunen sittbarn betre
- er å skaffe forskingsdata for å få meir kunnskap om oppvekstsituasjonen for barn lokalt, nasjonalt og over tid

### Kva vi spør om i Ungdata

- venner, fritid og mediebruk
- familie, skule og nærmiljø
- helse, trivsel og livskvalitet
- mobbing
- kjønn og klasstrinn

### På ungdomstrinnet spør vi også om:

- regelbrot og rusmiddelbruk
- vald og trakassering
- utdanningsnivået til foreldra

### Korleis blir Ungdata gjennomført?

- Det er sett av éin skuletime til å svare på undersøkinga, som går føre seg med ein vaksen til stades.
- Undersøkinga blir gjennomført elektronisk ved at ein logger seg inn på svarsida til Ungdata med ein tilfeldig eingongskode. Det er ikkje mogleg å knyte koden til personen som svarer.
- Elevane svarer ved å krysse av i spørjeskjemaet.
- Spørsmåla og svara i spørjeskjemaet kan bli lesne opp for dei som ønskjer det. Då må ein bruke øyrefelefonar.
- Nokre elevar kan trenge tilrettelegging for å kunne delta. Skulen har fått informasjon om ulike måtar tilrettelegginga kan skje på.

### Beredskap

Skulehelsetenesta vil vere klar med beredskap etter undersøkinga for dei som måtte trenge det.

### Det er frivillig å delta

- Elevane vel sjølve om dei vil delta eller ikkje.
- Elevane som svarer, kan hoppe over spørsmål dei ikkje ønskjer å svare på, eller slutte å svare undervegs dersom dei ønskjer det.

### Samtykke frå føresette

- Det er du som er føresett, som bestemmer om barnet ditt skal delta i undersøkinga eller ikkje.
- Dersom du ønskjer at barnet ditt skal delta, treng du ikkje å gjere noko som helst.
- Dersom du ikkje ønsker at barnet ditt skal vere med, må du melde frå til kontaktlæraren/skulen før undersøkinga startar.

### Personvern

- Undersøkinga er anonym, så det er ikkje mogleg å identifisere enkeltpersonar ut frå data som blir samla inn.
- Alle svara vil bli behandla strengt fortruleg.

### Ansvar for undersøkinga

Undersøkinga blir gjennomført av velferdsforskningsinstituttet NOVA ved OsloMet – storbyuniversitetet og det regionale kompetansesenteret på rusfeltet (KORUS) på oppdrag frå kommunen.

### Kontaktinformasjon

Ta kontakt med skulen eller KORUS der du held til for å få meir informasjon om undersøkinga.

Føresette kan få tilsendt ein norsk eller engelsk versjon av spørjeskjemaet ved å kontakte KORUS.

[Du finn meir informasjon om undersøkinga på nettsidene til Ungdata  
www.ungdata.no/informasjon-til-ungdom-og-foresatte/](http://www.ungdata.no/informasjon-til-ungdom-og-foresatte/)